



Medlemmar i elevrådet
Internt Manger skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/383 - 14/1542

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

13.02.2014

Referat 4-5

Manger skule	REFERAT 4
KORT ELEVRÅDSMØTE 29.nov 2013	
Alle klassane var representert på informasjonsmøtet om at det vert arrangert juleball, og om at juleballet 2013 vert arrangert av 7.trinn, og ikkje elevrådet dette året.	
REFERAT 5	
ELEVRÅDSMØTE 6.des 2013	
Desse møtte: 5.trinn: Marcus og Julie 6.trinn: Espen og Anahita 7.trinn: Marte og Marius	
Sak 1: JULEBALL 5.-7.tr Juleballet 2013 vert avvikla torsdag 19.des kl 12.00-14.00 (etter julegudstenesta i kyrkja).	
Sak 2: FRIMINUTTA PÅ MANGER SKULE Tilbakemelding frå klassane er at det er OK på fotballbana, men at det no er problemar på stikkballbana, t.d at elevane avtalar lag , sjølv om det i stikk-ball er ALLE mot ALLE. Elevrådet foreslår at fotballbane-vakt må vere stikkball- banevakta framover i ein periode, og at det er vakta som seier: ALLE UT PÅ!!! (og ikkje ein tilfeldig vaksen som går forbi. ref.mrk Rut)	

Sak 3 Saker frå klassane:

- A) Treveggen vekk frå fotballbana.
(Treveggen høyrer til eit klatrestativ, som aldri har blitt satt opp)
- B) Vaktmeisteren må setje fotball-måla beint ovanfor kvarandre.
- C) Elevane ynskjer fortsatt ein «dynke»-plass for 5.-7.tr, kor dei kan leike i snøen, men at elevane går inn i leiken på «eige ansvar». Elevrådet foreslår å bruka toppen bakom gamleskulen.

Sak 4 ELEVVAKTAR- Rut sjekker om korleis ei elevvakt-ordning fungerer, og kor tid den kan bli innført.

Referat 4 og 5 2013 Elevrådsmøte 29.nov og 6.des
2

side

Sak 5: NYE SAKER/ØNSKE FRÅ KLASSANE:

Frå førre referat:

- | | |
|--|---------------------------------|
| *Snøball-blink | *fleire benker på skuleplassen |
| *syklar for storskulen | *ballbinge på myra |
| *nye basketballkorger. | *Utedag og i storskulen |
| * Inne og uteskule | *Fleire aktivitetar |
| *ny stikkball og betre fotballar | *5.-7.tr gå fleire turar i lag. |
| *Klatrestativ | *Nytt TL-skur |
| *Kosetime m 5.-7.tr | |
| *Overtrekkdrakter for å sjå skildnad på laga på fotballbana. | |

Rut er ikkje ferdig med å drøfta desse punkta med lærarane.

Sak 6 UTEPLASSEN PÅ MANGER SKULE

Spørsmål frå elevrådet om kor tid skuleplassen vert rehabilitert/ pussa opp.
Rut snakkar med Inger om dette.

Sak 7 SOLIDARITETSDAGEN 24.OKT

Evaluering av elevrådet sine oppgåver:

- * Kast på boks: Det må vere fleire personar på denne aktiviteten.
- *Potet-løp Ok
- *Sykkelløp: Må merke bana betre.
- *Kast i bøtte: For lite gevinstar
- *Gevinstar frå elevane må helst kome inn før sjølve dagen, det vart knapp med tid for å fordele gevinstane.
- *Bytte av vakt: Meir presist om kor tid ein skal bytte, og elevrådet har så kort pause at dei må få kjøpt seg mat utan å måtte stå i kø.

Neste møte: Tysdag 21.februar kl. 12.30 på 5.klasserommet?

Sakliste:

1. Referat frå forrige møte

2. Ordensreglane

Før møtet:

Sjekk om ordensreglane heng synleg i klasserommet.

3. Gjennomgang av tiltaksplanen mot mobbing.

4. Juleballet 2012 og 2013

Før møtet:

6.-7.tr: Snakk om innhaldet av desse to juleballene me har hatt.

5.tr: Kan ikkje sammenlikne, men elevane kan skrive litt om juleballet 2013.

Evaluering: *Kva var bra? * Kva kan/vil me bruka til neste år *Kva kan bli betre?

Alle elevane i klassen skriv ned innspel (utan namn/anonymt) på lapp, som elevrådet tek med seg til møtet.

5. Info om opninga av «Nye Manger skule» i gymsalen tys 18.februar kl 10.00

6. Karneval 4.-7.tr veke 8.

7. Ymse frå klassane

NB: Husk å ta med den grøne elevrådspermen, skriveboka og blyant til møtet☺

Ref: Rut

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Medlemmar i elevrådet

Internt Manger
skule